



Stordflyet.

Mange har merka seg Stordflyet i låg høgde over Uskedalen. Vi har spurt flyhamnsjefen, Jan Morten Myklebust, om det er endring i innflygingsrutinane. Han fortel at i fint ver føretekk flygarane ei visuell innflyging mot Sørstokken. Dette er grunnen til innflyginga ned Uskedalen før ein set kursen mot Stord.

Innflygingsrutinane er til vanleg ikkje endra. Laurdag 2. juni hadde Stordflyet dessutan to rundturar inn Hardagerfjorden, over Folgefonna og Uskedalen.

Stordflyet er operert av Danish Air Transport AS i Danmark. Flyet har 46 passasjerseate, to pilotar og ei flyvertinne. Turen til Oslo tek om lag ein time. Å reisa over Sørstokken er eit godt og rimeleg alternativ og Jan Morten Myklebust oppmodar reisande frå Uskedalen om å reisa med Stordflyet. I sommar er det mogeleg å få tak i billetter frå 499,- ein veg. Tingingar kan gjerast på www.stordflyet.no

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Danish Air Transport AS
Nett: Thor Inge Døssland